

# Eigenevalueringsrapport for Hordaland Teater 2012 - 2015



## 1 Kort presentasjon av teateret

Gi ei kort beskriving av teateret: Kva er teaterets viktigaste kjenneteikn og profil? Kva kjenneteiknar den situasjonen teateret er i nett no?

Hordaland Teater er eit regionteater som starta si verksemd i 1988. Teateret har som målsetting å spele alle teaterstykke på nynorsk og dialekt og teateret skal ha turnéverksemd i Hordaland fylke slik at flest muleg får oppleve teater på sin heimstad. I tillegg til turné og målsetting om språkbruk, er det og ei målsetting at teateret skal spele for barn og unge. Teateret skal og arbeide for å få fram ny dramatik.

Teateret sprang ut frå verksemda til Vestlandske Teaterlag som då heldt til i kulturhuset USF i Bergen, men teateret vart innlosjert utanfor byen - på Stend Hovedgård som er eigd av Hordaland Fylkeskommune. Etter ei tids søking etter lokale i Bergen sentrum, vart det i 1998 bygd ein liten teatersal i den gamle båthallen i tilknytning til Hordamuseet på Stend; Anne Gullestad salen.

Hordaland Teater er eit teater med berre ein skodespelar tilsett. Denne skodespelaren har særleg kompetanse innan dukke- og objektteater. Av den grunn har teateret kvart år eit repertoar for dei aller minste som vert turnert i heile Hordaland. I det heile har Hordaland Teater vore eit turneteater for Hordaland som formidla scenekunst til born og unge i fylket gjennom nært samarbeid med DKS Hordaland. Når det gjeld repertoaret elles, har teatersjef Trond Birkedal i si periode (2009 – 2015) sett det som si oppgåve å lage teater for barn og unge som tek barn og unge på alvor. Teatersjefen har satsa sterkt på ungdomsteaterframvisningar med svært aktuelle tema som rasisme, mobbing, sjølvskading og sorg. Teater for barn og unge skal handle om noko som vedkjem dei sjølve.

Hordaland teater har i heile perioden arbeid for å få ei ny fast scene i Bergen sentrum. Hausten 2015 lukkast ein med å teikne ei 20 års avtale for lokale Logen, og samstundes fekk ein auka løyvingar som er med på å finansiere ei ombygging av Logen til eit fullverdig teater. Perioden med ombygging og drift vil verte ein krevjande øving for teateret, og gje ei utfordring til det kunstnariske arbeidet, so vel som organisasjon og økonomi.

Teateret fekk ny teatersjef per januar 2016. Med det vil det verte endring i den kunstnariske profilen. Ny arena gjer rom for og behov for teater for vaksne og kommersielle satsingar mot eit større publikum.

## 2 Mål for 2012–2014

### 2.1 Mål 1: Eit profesjonelt tilbod av teater-, opera-, danseframsyningar og andre scenekunstuttrykk over heile landet

NTO har stilt saman rapporteringa for perioden i den vedlagde tabellen. Vi ber teateret vurdere eige bidrag for måloppnåinga i lys av denne tabellen.

Styrande for produksjonane i denne perioden har vore,

- Hordaland Teater skal fortelje historier som ser på røyndommen sett frå barnet sin ståstad
- Hordaland Teater skal nå ut til flest mulege i fylket og har samarbeid tett med DKS-systemet
- Hordaland Teater skal samarbeide med andre scenekunstinstitusjonar i Bergen og innanfor dei nynorske kulturinstitusjonane for å utvide scenespråket og formidlingsevna.

Som ein vil sjå av oversiktene har dei fleste produksjonane i perioden vore spelt på turné. Nesten samtlege produksjonar har retta seg mot barn og unge, og DKS-systemet har vurdert kvaliteten løpande til å vere so høg at teateret kvart år har fått 1 til 2 produksjonar kjøpt inn av DKS.

For marknadsarbeidet har vi hatt som målsetting at alle kommunar skal nås med eit tilbod innan ein 3 års periode. I denne perioden er det berre ein kommune som ikkje er besøkt, øykommunen Fedje (avlyste I Guds namn). For å oppnå denne målsettinga har ein satsa på mindre framsyningar og intimteater som lett lar seg passe inn i ulike spelelokale.

Tabell: Framsyningar i perioden 2012-2015, kommune (33 kommunar i Hordaland)

	2012	2013	2014	2015
>50 framsyningar	1	1	1	1
10-50 framsyningar	1	1	0	3
1 - 9 framsyningar	18	23	13	21
0 framsyningar	13	8	19*)	10

\*) Turnéen «I Guds namn» vart avlyst av mottakskommunane

Av tabellen ovanfor ser vi at det store talet framsyningar vert i Bergen, men hovuddelen av dette er igjen oppsøkande teater. Talet kommunar som vert besøkt ligg stabilt på ca. 18-22, med unntak av det året då ein del kommunar avlyste grunna diskusjon i pressen angående stykket I Guds namn.

### 2.2 Mål 2: Høg kvalitet gjennom utvikling og fornying

NTO har stilt saman rapporteringa for resultatmålet *Et allsidig repertoar* for perioden i tabellen som ligg ved. Vi ber teateret analysere og vurdere utvikling og kommentere forholdet mellom utvikling/fornyning og publikumsbygging. Gi ei vurdering av eige bidrag for måloppnåinga.

Tabell: Rapportering 2012-2015(sjå elles vedlegg)

	2012	2013	2014	2015
Totaltal framsyningar	156	240*)	181	186
Framsyningar på eigen scene	49	53	88	59
Framsyningar på turné i Norge	65	73	51	123
Framsyningar på turné i utlandet	0	0	0	4
Tal framsyningar retta mot barn og unge	156	240	151	180
Mottatte gjestespel	0	0	10	5
Transmisjonar	0	0	0	0
Framsyningar formidla gjennom DKS	42	82	42	77
Samarbeidsprosjekt (tal framsyningar)	5	32	11	1

\*) korrigert tal, turné utanfor fylket ikkje tatt med tidlegare

Hordaland Teater skal arbeide med rammene som gjer det muleg for scenekunst å nå ut til barn og unge. Teateret har utvikla og fornya seg kontinuerleg i høve til det kunstnariske uttrykket. I første rekke skjer dette gjennom val av repertoar og i evnene til dei som skapar kunsten. Eit viktig poeng for denne typen av teater er at publikum skal sitte «i verket», ei form som har vore nytta fleire gonger ved Hordaland Teater.

I perioden har ein fortsatt eksperimenteringa med prosjektteater der ein har arbeidd fram fleire framsyningar frå botnen av saman med skodespelarar, musikarar og regissør/scenograf. Her kan nemnast tre sentrale døme:

- Peter og Ulven. Heile ensemble arbeidde fram framsyninga saman. Alle fekk ha meiningar, kome med innspel og forslag til løysingar. Dette er kollektivt arbeid som stiller store krav til skodespelarar og musikarar. Musikarar vart skodespelarar saman med instrumenta sine. Etter det vi kjenner til er det ikkje so mange teatre i Norge som jobbar med denne metoden. Der er det framleis eit tydeleg skilje mellom skodespelarar og musikarar. I England, derimot, finst det eigne utdanningar som utdannar Actor Musicians, og det vert stadig større etterspurnad etter skodespelarar som også kan spele eit instrument på høgt profesjonelt nivå og musikarar som har solide skodespelarevner. Tilskodarane sat i sjølve verket. Peter og Ulven hadde premiere under Festspillene i Bergen og var samprodusert av festivalen. Etter sommaren var framsyninga på turne i regi av DKS Hordaland og på slutten av speleperioden spelte vi igjen opne framsyningar. Det var tydeleg at merksemda vi hadde fått under Festspillene gjorde at framsyninga fekk godt med publikum på dei siste framsyningane. Stykket vart og satt opp under Olavfestdagene året etter.
- Magnet. Denne produksjonen var eit kunstnarleg samarbeid med CELLista Productions; eit lite produksjonsselskap som produserer sceniske framsyningar der musikken spelar ei hovudrolle. Eline Sundal som eiger CELLista Productions og regissør og teatersjef Trond Birkedal var likestilte i det overordna ansvaret for det kunstnarlege produktet. Eline Sundal komponerte den gjennomgåande musikken i stykket og var også utøvande musikal på scenen. Alle medverkande hadde stor mulegheit for innverknad. Manusforfattar Helga Eriksen skreiv manus undervegs etter innspel frå alle dei andre. Utgangspunktet for framsyninga var ein liten scenisk konsert CELLista Productions hadde produsert tidlegare som vi skulle byggje vidare på. Dette

ble ei framsyning med ein tematikk som passa godt inn i vitensenteret VilVite. Saman med VilVite søkte vi til DKS om å få eit heildagsopplegg på VilVite inn i deira repertoar. Tilbodet inneheldt framsyninga Magnet, eit undervisningsopplegg med same tematikk som framsyninga, men med ein annan vinkling, og eit besøk i utstillinga til VilVite. Vi hadde dette opplegget for DKS Hordaland på vekedagar, så spelte vi framsyninga for VilVite sine vanlege gjestar i helgene. Dette helgepublikummet ville vi ikkje nådd om vi ikkje hadde VilVite som spelearena.

- Straff: Etter at teatersjefen hadde starta ein dialog med Bergen fengsel sidan 2009 med ønske om å seie noko om meininga med fengsel, kunne vi seint våren 2012 setje i gang Workshop og manusarbeid. Eit kunstnarisk team med regissør/forfattar, scenograf/videodesignar, lydteknikar, tre skodespelarar og to musikarar gav seg i kast med denne problematikken. Leia av forfattar og regissør Tore Vagn Lid vart dette arbeidet fullført med framsyninga Straff. Framsyninga tok utgangspunkt i intervju med dei innsette. Gjennom lyd- og videoopptak vart det filosofert rundt meininga med straff/fengselsopphald. Vi følgde opp dette med eit seminar med fleire innleiarar som problematiserte tema saman med publikum. I framsyningsperioden der stykket vart spelt i DKS, hadde vi også eit samarbeid med FN-sambandet, som stod for etterarbeid og samtale med elevane, med vinkling på menneskerettar, (sjå seinare).

Framsyninga gjesta Dramatikkens hus i Oslo og vart nominert til Natt og dag-avisa sin pris for beste scene-framsyning i Bergen for 2012.

HoT er eit teater som ser stor verdi i å samarbeide med andre aktørar. Samarbeidet tilfører det kunstnarlege produktet noko meir og ofte har desse samarbeidspartnarane eit eige publikum som vi kan nå i ein scenisk produksjon. Hordaland Teater har gjort den erfaringa at publikumarbeid og – bygging heng saman med kven vi kan finne som samarbeidspartnarar.

Teatersjefen har bakgrunn som skodespelar, og nyttar den tilnærminga til å sette seg i barnet sin stad. Samstundes har inspirasjon frå dramatikaren, regissøren og teatersjefen Suzanne Osten og røynsle frå mange produksjonar ved Brageteateret inspirert til å ta born og teater for born på alvor.

### **2.3 Mål 3: Nå heile befolkninga**

NTO har stilt saman rapporteringa for perioden i tabellen som ligg ved. Vi ber teateret analysere og vurdere utviklinga. Gi ei vurdering av eige bidrag for måloppnåinga.

Hordaland Teater har søkt å oppfylle desse målkrava på ulike vis.

Målsettinga vår er å få kunsten ut til folk flest og dette har vi mellom anna gjort gjennom medvitne val i turneringa. Som døme kan nemnast at alle kommunar i Hordaland skal få vitjing av oss innan tre år. Her kjem og inn medvit i å produsere framsyningar som er så fleksible og av ein slik storleik eller form som gjer at dei kan spelast i fleire ulike spelelokale.

Publikumsbygging: samarbeidet med Vil Vite i stykket Magnet var for å sette teater inn i ein setting med eit etablert vitensenter som nemnt tidlegare. Teater i denne konteksten var ein suksess som vitensenteret gjerne vil følgje opp seinare.

Hordaland Teater er i høve til sin formålsparagraf særskild dedikert til barn og unge. For denne perioden har dette føremålet blitt særleg prioritert. Gjennom å nytte DKS-systemet kjem alle barn i kontakt med teater, og dei som ikkje får denne sjansen gjennom sitt heimemiljø.

I tillegg til dette kan nemnast,

- Hordaland teater har non-verbale framsyningar på repertoaret. Tilbod om desse framsyningane vert sendt ut til alle barnehagar og asylsenter. Vi har medvite retta oss fleire gonger mot barnehagar med mange born av utanlands bakgrunn. Det har ikkje vore særleg vilje til å ta dette inn. Her skulle ein gjerne analysert nærare om kva som er orsaka til dette. Er det til dømes ein spørsmål om pris, er det forma eller er det andre prioriteringar og vurderingar som ligg til grunn? Teateret har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre ei analyse av kvifor situasjonen er som den er.
- Hordaland har i heile perioden hatt ein ung mann med Asbergers syndrom i arbeid gjennom ei ordning hos NAV. Han har jobba ved produksjonsavdelinga.
- Vi har tatt i mot fleire med sosiale utfordringar til arbeidspraksis og utplassering i korte periodar.
- Vi har eit fast publikum frå Stend Vidaregåande Skule ved linja Kvardagsliv. Dette er elevar med psykisk utviklingshemming som er fast publikum på juleframsyninga vår.

#### **2.4 Mål 4: Større mangfald**

Hovudmålet om større mangfald har vore ein del av tilskotsbrevet sidan 2010. I tilskotsbrevet for 2013 heiter det:

Ein inkluderande kultursektor er ein sektor der alle har like moglegheiter til deltaking og til å utvikle sine skapande ressursar, uavhengig av faktorar som sosioøkonomisk, kulturell- eller religiøs bakgrunn eller funksjonsevne. Departementet legg til grunn at institusjonane utviklar måtar å arbeida på som tek omsyn til inkludering og mangfald gjennom alle delar av den ordinære verksemda si.

Med utgangspunkt i eige særpreg og geografisk nedslagsfelt ber vi Hordaland Teater i rapporten for 2013 gjera greie for korleis kravet til mangfald og inkludering blir konkretisert i institusjonen. Vi ber Hordaland Teater kort skissera sin strategi for arbeidet med inkludering og mangfald, mellom anna kva mål, målgrupper og perspektiv som er særleg aktuelle for institusjonen, og kva desse har resultert i så langt.

Hordaland Teater var ein av fødselshjelparane til Fargespill, der menneske frå mange nasjonalitetar og kulturar deltek på og bak produksjonane. Teatret har tilsette frå Bulgaria, Nederland og Portugal, men har ikkje hatt ein nedskreven strategi knytt til mangfald knytt til det internasjonale kulturelle elementet.

Hordaland Teater har take tak i mangfald-omgrepet på fleire måtar: Ei hovudline i programmeringa har vore som nemnt tidlegare at vi skal spele teater som avspeglar røyndommen for barn og unge. Dette har som nemnt vore den viktigaste målgruppa. I det ligg det ei klår oppgåve i at publikum skal kjenne seg att i framsyningane og dei tema som vert handsama skal treffe denne målgruppa på deira eigne premissar. Samstundes har teateret vald å fokusere på enkeltgrupper og enkeltfenomen,

- Stykket Straff nemnt tidlegare er retta mot heile folket, men er og eit stykket for innsette
- Stykket Cut handlar om sjølvskading blant unge jenter og vart berre spelt for denne målgruppa
- Hordaland Teater har satt opp ordlause figur- og objektteater som og kan forståast av innvandrara, innvandrarborn og samstundes demente.

Når det gjeld det geografiske nedslagsfeltet har Hordaland Teater lagt særleg vekt på å tilby noko som ingen andre kulturinstitusjonar i fylket tilbyr. Formatet skal vere lite og intimt. Alle framsyningar vert planlagd ut frå eit publikumsmengde på 60-120 per framsyning. Dette er og eit turnévenleg format, som sikrar at ein når ut til flest mulege i fylket.

#### 2.4.1 Kva målgrupper, kva inkluderings- og mangfaldsperspektiv er særleg aktuelle – publikumsmessig og kunstnarisk?

Som nemnt har ein i perioden søkt å vise non verbale framsyningar for ikkje etniske nordmenn, og eldre. I Hordaland finns og gruppa Fargespill. Hordaland Teater skal ikkje gjere det same som gruppa Fargespill som er et inkluderande teater for mellom anna innvandrarborn. Hordaland Teater samarbeider med Fargespill og frigjer profesjonelle ressursar frå teateret til denne gruppa.

#### 2.4.2 Kva strategiar, planar og tiltak hadde teateret for inkludering og større mangfald for åra 2012 til og med 2014? Kva resulterte dette i? Kva for ei rolle spelte styret i den samanhengen?

##### Strategiar:

Hordaland Teater har i heile periode fortsett strategien om å spele nonverbalt teater. Dei viktigaste stykka her er Heksestrekar, og Egget. I perioden har ein produsert ei ny non-verbal framsyning for dei minste kvart år. Desse vil vi kunne spele for alle born i rett alder. Ved å spele i barnehagar vil vi og treffe på born med annan kulturell bakgrunn og språk.

Elles har teateret vald ein «spissa» strategi, ta opp aktuelle problemstillingar for barn og unge. Problemstillingar som utfordrar dei og som kan vere utgangspunkt for vidare samtale og diskusjon i skolen. Ved å spele i skulen gjennom DKS så treff vi alle typar av born og det dei får oppleve gjennom vår kunst er det same for alle.

##### Planar:

Hordaland teater har i perioden vore bevisst vår mulegheit til å opne teatret for dei som kan ha nytte av å få eit innblikk i ein slik arbeidsplass. Det finns mange unge menneske som kan ha problem med å finne sin plass i arbeidslivet og det å jobba på teater er noko annleis enn å arbeide i butikk eller på ein fabrikk. Hordaland Teater har vore klar på at vi kvart år skal gje nokre unge denne mulegheita hjå oss.

##### Tiltak:

Hordaland Teater har i heile perioden hatt ein ung mann med Asbergers syndrom i arbeid gjennom ei ordning hos NAV. Han har jobba ved produksjonsavdelinga. Vi har og hatt fleire ungdommar med sosiale utfordringar til utplassering og arbeidspraksis hos oss i varierende varigheit.

Inkludering og repertoarval har vore i forståing med styret.

#### 2.4.3 Kjønnbalanse. Vi ber teateret analysere og vurdere utviklinga.

	2012		2013			2014		2015
	kvinner	menn	kvinner	menn	kvinner	menn	kvinner	menn
Styret	4	2	4	2	4	2	3	3
Leiing	2	3	2	3	2	3	2	3
Andre tilsette	2	3	2	3	2	4	2	3
Kunstarisk innleidde	20	38	16	29	15	16	15	15

Som det går fram av tabellen er det god balanse mellom tillitsvalde, tilsette og ved innleie av skodespelarar og teknisk personell til teateret. I 2012 og 2013 var det store oppsettingar med mange musikarar og innleidde teknikarar. Dette, saman med repertoarvalet er hovudorsaka til at det er fleire menn enn kvinner desse to åra. Teateret har ikkje funne det naudsynt i sette i verk tiltak for å betre kjønnbalansen i perioden, ettersom det er god balanse over tid.

#### 2.4.4 Erfarar teateret at det finst føresetnader (eksterne/interne) som er avgjerande for måloppnåing av mangfald? I så fall, kva for nokre?

Ein særskilt føresetnad for å oppnå mangfald er at HoT lagar teater for born og unge, som svært ofte blir spelt som skuleframvisningar gjennom DKS. Det gir HoT eit unikt høve til å nå «alle», òg dei som vanlegvis ikkje oppsøker teateret. HoT har m.a.o. tilgang til menneske med minoritetsbakgrunn og andre som kjem inn under omgrepet mangfald.

Ein annan føresetnad er at HoT er ein turnéorganisasjon, og difor kan nå dei som går sjeldan på teater fordi dei har lang reiseavstand til tilbodet.

### **2.5 Vi ber teateret beskrive ev. andre delar av verksemda som er viktige for å gi eit heilskapleg bilete av aktiviteten og måloppnåinga til verksemda.**

Dette meiner vi er dekt under andre punkt

## 3 Mål for 2015

### **3.1 Mål: Å leggje til rette for produksjon, formidling og etterspurnad av ulike scenekunstuttrykk.**

Still saman tal for produksjonar og formidling i éin tabell. Vi ber teateret grunngje og vurdere eige bidrag for måloppnåinga og kommentere forholdet mellom utvikling/fornyning, etterspørjing og publikumsbygging.

Det bør kome fram av vurderinga korleis teateret jobbar med mangfald, medrekna kva mål, målgrupper og mangfaldsperspektiv – publikumsmessig og kunstnarisk – som teateret har lagt særleg vekt på.



Framsyning	Mål kunstnarleg	Mål Publikum		Resultat		
Sjølvsforakt	Ungt, opplysende og involverande teater, som bryt ned fordommar	Dette er eit stykke som grip rett inn i ungdommar sin kvardag. Kven er eg, vågar eg å vere meg sjølv saman med andre. Gjennom dramatiseringa skal ungdommen våge å sette ord på denne prosessen		Mange meldingar frå publikum og lærarar på Facebook og mail. Har tydelegvis rørt mange		
4 Årstider	Eit ikkje-verbalt teater som formidlar Vivaldis musikk gjennom objekt og figurar	Målgruppa var barn frå 3 år og oppover. Det viste seg at vi nådde veldig fint ut til både barn, vaksne og eldre. Og folk med eit anna språk og psykisk og fysisk utviklingshemma har fått utbytte av framsyninga.		Publikum vart fascinerte og rolige. Stykket hadde ein roande og medativ effekt på publikum. Fantasien vart stimulert.		
Kant	Ei dramatisering av Jon Fosses litle filosofibok for barn. Ei slags innføring i filosofi	Målgruppa var barn i alderen 8-12 år. Med KANT ville vi stimulere fantasien, og tenkinga rundt verda.		Barna følgde godt med, mange vart oppslukte av framsyninga og av effektane på scena. Nokon barn stilte spørsmål med at det var vaksne som spelte barn.		
Heksestrekar	Magisk dokkespel for barn	Målgruppa barn frå 4 år og oppover. Inspirerande at historia vert fortalt ved at ein nyttar ein teiknar undervegs		Fantasien vart stimulert. Ei spennande historie om prinsessa som mange vart oppslukte av.		

Små Døde Dyr	Korleis skal ein snakke med barn om døde? Dette er ei dramatisering av ei bok som vert nytta mykje i barnehagar for å ta tak i dette temaet.	Målgruppa barn frå 4 år og oppover		Mange engasjerte barn som stilte ulike spørsmål etter framsyninga. Ein set i gong undring og skapar eit rom for samtale om eit vanskeleg tema med Små Døde dyr.		
Og aldri skal vi skiljast	Jon Fosse skriv om stykket at han «prøver å skrive fram ei bestemt dramatisk fortetting, ein bestemt tilstand, som skal vere nesten påtakeleg i sitt intenst menneskelege nærvær, og som det likevel skal vere ganske umogeleg å seie kva betyr»	Stykket er det første stykket Fosse som vart satt opp på eit norsk teater. Målet for gjenopptakinga 20 år etter var å gje publikum mulegheit til å sjå utviklinga hjå Fosse, men og for å hylle denne nynorskdiiktaren		Stykket var satt opp i samarbeid mellom Det Norske Teateret, Nynorskens Hus og Hordaland Teater. Ein fekk mykje merksemd i pressa, og oppsettinga i Oslo i november 2014 og på Fossedagane var godt besøkt.		
Haugtussa	Ei framsyning av Garborg sin klassikar, vist i sitt «naturlege» miljø på Vestlandet	Målgruppa var unge vgs-elevar, vaksne og eldre.  Ville vise ein klassikar med kjente personar i ein ny versjon.		Vi hadde god respons frå publikum i salane kor vi spelte. Mange vart nok inspirerte til å lese original Haugtussa!		
Berre ein spøk	Korleis ser ein på det ein har gjort i ungdommen. Ein refleksjon om mobbing og overgrep	Vi spelte for elevar i vgs. Temaet kjente mange seg i igjen i. (Mobbing, å		Gode tilbakemeldingar, men få via sosiale media. Virka som stykket trefte målgruppa, med		

	sett retrospektivt	tilhøyra ein gjeng, lojalitet.)		eit stille og ettertenksamt publikum.		
Julerosene	Ei historie av Selma Lagerlöf som er lite kjent i Norge. Om tvil og tru	Målgruppa var barn frå 4 år (barnehagar og skular på dagtid og familiar i helgene  Dei fekk gjere seg kjent med middelalderen, eit klostermiljø og eldre tradisjonar. Vi sendte ut eit pedagogisk opplegg på førehand til barnehagar og skular.		Det var stort sett veldig fine tilbakemeldingar, men nokon barnehagar meinte 4 åringane ikkje klarte på henge med i historia som vart fortalt. Men dei var fascinerte av rom og lys og alt som skjedde.		

Teatret har sporadisk evaluert produksjonane, men det er ikkje alltid like lett å gjere kunstnarleg evaluering når skodespelarane og det kunstnariske teamet er reist frå teatret. Dei tilsette evaluerer det som har skjedd i produksjon og på turné, men då mest det som handlar om logistikk, teknikk og administrasjon.

Eit døme på læring etter evaluering av «Julerosene» er at dei yngste barna vart urolege. På den eine sida kan konklusjonen vere at borna var for små til å sjå denne framsyninga. Eit anna syn er at barn ikkje treng å forstå alt, slik vaksne heller ikkje alltid forstår alt dei ser. Barn kan ha andre opplevingar enn det som er sjølve historia. Dette er i samsvar med det å utfordre barn.

## 4 Eigenvurdering av kvalitet

*Spørsmåla er utforma etter Ønskekvistmodellen. Ønskekvistmodellen vurderer kvalitet som eit samspel mellom **VILLEN, KUNNEN OG SKULLEN**. Modellen legg til grunn at ein etablerer ein dialog mellom teateret og evaluator, og at teateret reflekterer over eigen situasjon.*

### VILJE (ENGASJEMENT/KOMMUNIKASJON/AMBISJONAR/ORIGINALITET/DRAUM)

#### 4.1 Kva vil de med teateret? Beskriv teaterets kunstnariske visjonar. Kva er bestemmande for repertoarprofilen?

Hordaland Teater (HoT) skal fortelje historier for born og unge sett frå born og unge sin ståstad, på eit høgst muleg kunstnarisk nivå.

HoT skal lage framsyningar for born og unge i eit intimt format der publikum blir ”sett”.

HoT er eit turnéteater og valet av intimformatet gjer at vi ofte spelar i gymnastikksalar. Teatret når difor ei stor målgruppe i fylket som elles ikkje har tilgang til eller oppsøker teater.

HoTs samfunnsoppdrag er å lage framsyningar utanom den kommersielle marknaden. Dvs. å lage framsyningar som ikkje er meint å vere berre underhaldande, men som utfordrar, skapar debatt og problematiserer ”vedtekne sanningar”. Kvar barn og kvar ungdom skal bli sett og oppleve at denne framsyninga er til akkurat dei. Vi vil vere dei i Norge som lagar den beste teaterkunsten til denne gruppa. HoT har som formål å spele på nynorsk og dialekt. Vestlandet er den største regionen i Norge som bruker nynorsk i dagligtale og skriftspråk. For å utvikle språket er det viktig med tilgang til nynorsk i media, på sosiale arenaer og elles i det offentlege rommet. Her er teatret ein viktig formidlar av språket.

#### **4.2 Korleis opprettheld og styrker teateret engasjementet innanfor teateret?**

*Eksempelvis: Korleis samarbeider de om den kunstnariske linja, og korleis kommuniserer de internt om kunstnariske val? Kva gjer de for å sikre ei løpande utvikling av samarbeidet og samtalen internt? Finst det prosessar for evaluering av, og refleksjon om, teaterets praksis? I kva grad og korleis sikrar de dei kunstnarisk tilsette ved teateret fagleg påfyll og vidare-/etterutdanning?*

Vi har hatt fleire felles samlingar med samtalar om teaterets kunstnariske profil, og reiste allereie i 2009 til Danmark og i perioden til Sverige for å få eit grunnlag til å diskutere kva god kunst for born er.

Alle tilsette deltek på leseprøvane og får ved det ei innføring i kvifor dette stykket er valt, korleis vi skal nå måla våre, og kva vi vil med denne teksten eller ideen. Vi har opne prøvar der alle tilsette til ei kvar tid er velkomne til å sjå og utrykke meiningane sine. Etter avslutta produksjon og turné blir det gjort evaluering.

HoT har berre ein fast tilsett skodespelar/dokkespelar. Han har delteke på diverse festivalar i inn- og utland. Det har vore arbeid og lagt ned betydelege ressursar for å utvikle unike produksjonar frå idé til ferdig framsyning ut frå hans spesialkompetanse, som er dokke- og objektføring. Ambisjonen frå starten av åremålet til teatersjefen var å ha tre stillingar som skodespelarar på åremål, noko det ikkje fanst økonomi til å gjennomføre.

Den nye teatersjefen oppretta eit kunstnarisk råd i 2015. Der deltek ein instruktør, ein skodespelar/songar og ein tilsett (kostyme/rekvisitt m.m.). Rådets metode er å vurdere ulike prosjekt som idear (eigne, teatersjefens, andre sine) og utvikle dei som blir valde gjennom fordeling av oppgåver (forslag til cast, lesing, tekstutvikling, møte m.m.). Rådet vil styrke teatret samtale om det kunstnariske arbeidet og på eit vis demokratisere ein del av avgjerdene. Det er likevel viktig for teatersjefen å reflektere over korleis dette rådet skal fungere og vere samansett i framtida, og kva som til ei kvar tid er motivasjonen for å drive arbeidet i det kunstnariske rådet. Sidan oppstarten har rådet hatt fire møte.

#### **4.3 Korleis opprettheld og styrker teateret engasjementet utetter?**

*Eksempelvis: Kva type arrangement utan framsyningsproduksjon gjer teateret? Kva samarbeidspartnarar har teateret, og korleis samarbeider de? Lokalt? Regionalt? Nasjonalt? Internasjonalt? Kva lokale, regionale, nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar vil de gjerne etablere tettare kontakt med?*

HoT har hatt mange samarbeidspartnarar knytt til dei ulike produksjonane i perioden. Tematikken i dei ulike produksjonane har kravd kompetanse frå ulike fagmiljø. Eitt døme er «Cut», ein produksjon som handla om sjølvskading, der Kyrkjias SOS deltok og brukte framsyninga som «opplæring» for telefonkontaktar i sitt kursopplegg. Teatret vurderte denne tematikken som svært viktig å presentere. Eit anna døme er «Straff», ein intervju-basert produksjon med utgangspunkt i dei innsette i Bergen fengsel.

FN-sambandet sine studentar laga eit opplegg for samtale mellom publikum og dei medverkande der dei ville nytte framsyninga som utgangspunkt til å snakke om ting dei var opptekne av og som framsyninga gav ein god inngang til. Dei ville snakke om, og få publikum engasjert i problematikken rundt menneskerettigheter sett i lys av fengselssystemet og deira bruk av varetekt og isolasjon.

Eit prinsipp for HoT er at alle skodespelarane skal ønske velkomen, delta i plassering av publikum, og vere tilgjengeleg etter framsyning.

Der vi har hatt særleg krevjande tema i framsyningane, har vi hatt kontakt med andre institusjonar som evt. kunne ta i mot born og unge som har hatt behov for nokon å snakke med.

I heile perioden har vi hatt eit nært samarbeid med Den kulturelle skulesekken (Dks) Bergen og Dks Hordaland. Det har vore heilt avgjerande for at HoT skulle klare å formidle ukjend dramatik. Det er svært vanskeleg å formidle det på den opne marknaden åleine.

HoT ønsker å vere ein arbeidsgivar for kunstnarar i regionen, og søker alltid etter den kunstnariske kompetansen vi treng først der.

Dessutan har vi hatt fleire samarbeid med Det Norske Teatret og Sogn og Fjordane Teater, naturlege samarbeidspartnarar sidan alle har nynorsk som scenekunstspråk. Døme på tidleg samarbeid er "Ein god dag kjem aldri for tidleg" (i samband med språkåret 2013) og «Kjærleikens ferjereiser», «Goodbye & farvel» og «Heksestrekar» (gjestespeltturnear i Sogn og Fjordane og Hordaland).

HoT har etablert eit nettverk i Danmark og henta fleire produksjonar derifrå. Danmark har ein lang tradisjon for å formidle scenekunst til born og unge, og vi har brukt fleire tekstar og mykje kunstnarisk kompetanse derifrå.

Vi hadde også ein stor produksjon, «Magnet» i samarbeid med VilVite-senteret i Bergen. Framsyninga blei vist i deira lokale. Vi har samarbeidd med Festspillene i Bergen om «Peter og ulven» og «Hav». HoT har annakvart år delteke i samarbeid med Vestlandske Teatersenter (VT) og Den Nasjonale Scene (DNS) om prosjektet Den unge scenen (DUS), der teatersjefen bl.a. har sitte i juryen og drive med rettleiing overfor amatørteaterrørsla på Vestlandet.

#### 4.4 Korleis kjem teaterets kunstnariske visjonar konkret til uttrykk i repertoaret? I dei enkelte produksjonane? I dei andre kunstnariske aktivitetane ved teateret?

Repertoaret er lagt opp etter vår formålsparagraf: Ny norsk dramatikkk spesielt retta mot born og unge på nynorsk/dialekt. Eitt sentralt spørsmål skal alltid vere til stades i val av stykke: Kvifor speler vi det og for kven? Kan vi gjennomføre det på ei høgt kunstnarisk nivå med dei ressursane vi har tilgjengeleg? Kva er vårt oppdrag og kva er det viktig å seie noko om, spesielt til born og unge? Korleis fordele ressursar og produksjonar til dei ulike aldersgruppene?

Alt godt teater for born er godt teater for alle. Men det krev vilje til høgt kunstnarleg nivå. Vi har i perioden hatt åtte urpremierar og to norgespremierar. Ambisjonen om å skape noko nytt og tidsaktuelt er stor og dette har vore ei grunnleggande drivkraft for alt arbeidet med repertoaret.

*Eksempelvis: Kva gjer de for å bidra til å sikre ei løpande utvikling av dei kunstnariske visjonane? Er det barrierar i eller utanfor teateret som hindrar dykk i å verkeleggjere dei kunstnariske planane og intensjonane fullt ut?*

Som nemnt andre plassar i dette dokumentet er mangel på scenelokale og tilfredstillande prøvelokale ei utfordring, sjå og pkt 4.8

Nemn eksempel på vellukka og mindre vellukka produksjonar som kan belyse spørsmålet.

#### 4.5 Korleis jobbar teateret kunstnarisk?

Det er stor variasjon i arbeidsmetode i dei ulike prosjekta. Ved fleire høve har vi arbeidd fram produksjonen frå ein ide til endelig framsyning, der ambisjonen har vore å likestille dei ulike kunstnariske uttrykksformene, som tekst, scenografi, lys, musikk osv. Desse framsyningane har vorte til under ein relativt «flat» struktur der alle medverkande i stor grad har vore delaktige i det endelege uttrykket.

Denne forma krev ofte noko lenger prøvetid, men til gjengjeld får ein då eit uttrykk som er genuint nytt og annleis. Musikk har vore ein viktig og drivande kraft i mange produksjonar. Mange musikarar og komponistar har difor vore involverte i fleire prosjekt. Alle faggrupper på teateret deltek aktivt i korleis vi løyser dei ulike utfordringane i produksjonane, m.a. ved å vere til stades på prøvar og produksjonsmøte som blir haldne ein gong i veka. Alle på teatret deltek ved prøvestart der det blir lagt fram tankar og idear om kva for ambisjon vi har for produksjonen.

Vi har også meir tradisjonelle produksjonsløp, men mykje blir avgjort av tematikken og den kunstnariske leiargruppa som er knytt til kvar enkelt produksjon.

Vi ønsker at dei ulike fagfunksjonane er fagleg oppdaterte. Det får dei gjennom kurs, messer, og deltaking på festivalar, nasjonalt og internasjonalt. Med så mange urpremierar og norgespremierar er det ei konstant utfordring å skape best mulege framsyningar. Den

kunstnariske profilen er eigenarten til teatret. Det er full harmoni mellom kva vi gjer og kva vi vil oppnå.

*Eksempelvis: Endringar i dei siste åra? Korleis blir det kunstnariske arbeidet utfordra, utvikla eller perfektionert? Korleis bygger det kunstnariske arbeidet opp om profilen og eigenarta til teateret? Korleis harmonerer dei siste års produksjonar med det teateret vil oppnå kunstnarisk?*

#### **4.6 Kva kunstnarisk, leiing- og formidlingskompetanse har teateret?**

*Eksempelvis: Korleis bruker de denne kompetansen i arbeidet med framsyningar og aktivitetar i teateret? Kva kompetanse saknar de, og kva betyr det for dei kunstnariske mogelegheitene? Kva gjer de for å sikre ei løpande utvikling av kunstnarisk og annan fagleg kompetanse? Korleis utfyller kompetansen i styret eventuelt kompetansen i teateret her?*

HoT har ikkje noko ensemble. Dei kunstnariske tilsette er teatersjefen og ein skodespelar/dokkefører. Det har blitt produsert fleire framsyningar i eit mindre format til barnehagar der vi har lagt vekt på kompetansen til denne skodespelaren. Teatersjefen har lang og breidd kompetanse og røynsle, gjennom 30 års arbeid i norsk teater, som skodespelar, instruktør og teatersjef.

Teatersjefen har hatt som ambisjon å lage i gjennomsnitt ca. to produksjonar sjølv i året. Det har vore viktig å vere premissleverandør fagleg og viktig å nytte ressursane, røynsla og kunnskapen (særleg teater for born og unge) til teatersjefen på eit teater med små ressursar. Teatersjefen har gjennom åra vist stor kunstnarisk vilje og ambisjon om å gi born og unge utfordrande kunst, og ikkje berre underhaldning.

Styrets rolle ved teatret er av økonomisk og administrativ art. Det finst ikkje kunstnariske kvalifikasjonar i styret, og det kan difor ikkje delta i dette arbeidet.

### **RELEVANS (NØDVENDIGHEIT/SAMSPEL MED TIDA/DIALOG MED PUBLIKUM/MOT/SATSING/AUGEOPNANDE EFFEKT)**

#### **4.7 Kva målgrupper har teateret?**

*Eksempelvis: Kvifor er nettopp disse målgruppene viktige for teateret? Korleis arbeider teateret med å formidle sine aktivitetar til desse målgruppene? Kva gjer teateret for å skape publikumsutvikling og for å nå nye målgrupper? Korleis ser teateret på si rolle når det gjeld å ta pulsen på samtida og setje dagsorden?*

Dette er tydeleg kommentert i dei andre kapitla.

#### **4.8 Korleis er samanhengen mellom ambisjonane og økonomiske og fysiske rammer for verksemda?**

*Eksempelvis: Kva moglegheiter og avgrensingar gir rammene når det gjeld å kunne realisere dei kunstnariske ambisjonane og ideane som de har? Kva kunstnariske utviklingspotensial vil de gjerne kunne utnytte betre? Og kva krev det? Kva vilkår og forandringar (økonomiske, politiske, kulturelle, estetiske mv.) innanfor dykkar felt påverkar den kunstnariske relevansen til teateret?*

HoT har i 25 år hatt ein ambisjon om å flytte teatret til Bergen sentrum. Vi er eit delt teater med administrasjon og prøve-/produksjonslokale 400 meter frå kvarandre. Dette er ei konstant utfordring, som er negativ for det indre livet ved teatret. Det er dårleg for intern kommunikasjon, forståing for kvarandre sine fagområde, deltaking i kvarandre sine utfordringar, og fører gjerne til ineffektivitet. Mangel på prøvelokale gjer at vi ikkje kan utnytte arbeidsdagane godt nok i høve til gjeldande avtaler, noko som skaper mykje overtid og dårleg utnytting av ressursane og stor belastning på teknisk personale. Manglande økonomiske ressursar gjer at vi sjeldan kan produsere for kulturhusa. Det gjer det igjen vanskeleg å samarbeide med andre institusjonar, sidan vi ikkje kan delta på same premisser.

#### **4.9 Kva betydning og relevans har teateret i ein kunstnarisk og samfunnsmessig kontekst?**

*Eksempelvis: Korleis oppfattar og plasserer de teateret i forhold til andre teater og kulturlivet i det heile tatt, lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt? Korleis vil de vise og oppretthalde den kunstnariske relevansen til teateret?*

HOT har i denne perioden hatt ein klar profil med ambisjon om å utføre det oppdraget som er gitt oss i formålsparagrafen. Teatersjefens ambisjon har vore å skape eit teater med ein tydeleg og annan profil enn dei andre scenekunstinstitusjonane i Hordaland, Bergen og på Vestlandet.

Vi har skapt kunst på et høgt nivå , spesielt for born og unge, nasjonalt og internasjonalt, sett i forhold til produksjonar til denne gruppa presentert på festivalar i inn- og utland. Mellom anna har teateret vore representert på Fri Figur festivalen i Trikkehallen/Oslo og Izmir International puppet days. Føremålet med desse besøka er å vise eigne produksjonar og orientere seg fagleg i figurteatermiljøet. Vi har vore dagsaktuelle og tidlause i produksjonane våre. Kor vidt det vil fortsetje eller ikkje er opp til ny teatersjef å avgjere.

Men eg ser inga tydelegheit i forståinga av å skape representativ kunst for born og unge, verken nasjonalt eller lokalt. Kunst for born og unge er ei lågstatus-øving der det ikkje er sett inn dei ressursar som er tildelt dei store scenekunstinstitusjonane. Ein burde utvikle eit samarbeid i vidaste forstand (forskning og teaterfag), som kunne skape eit kunstsenter for denne gruppa. Hordaland og Bergen hadde den sjansen, men greip den ikkje.

Teatersjefen kunne ønskt seg meir kunstnarleg kompetanse i styret, fordi styret bør forstå den fellesdynamikken som ein teaterproduksjon er. Ein produksjon er ikkje klar før premieren, og det kan bli fleire endringar undervegs som påverkar økonomien. Dette må styret ha ei forståing av.



#### 4. 10 Gjennomfører teateret egne publikumsundersøkingar som kan belyse måloppnåinga, jf. både egne planer og dei føringar staten set?

HoT er eit lite teater med små ressursar, og har difor ikkje hatt mulegheit til å gjennomføre egne publikumsundersøkingar. Vår største respons kjem i direkte dialog med publikum og respons på sosiale medium. Teatret deltar aktivt i Norsk publikumsutvikling (NPU) og prosjektet Mitt publikum.

### 5 Eigenvurdering av effektiv ressursutnytting

#### 5.1 Gjer greie for resultatmåla for åra 2012–2014:

- 5.1 Sikre god økonomistyring og ressursutnytting
- 5.2 Systematisk eigenevaluering av resultat og måloppnåing i tråd med strategiplan
- 5.3 God forvaltning av bygningsmasse og teknisk utstyr
- 5.4 Breitt og systematisk samarbeid mellom institusjonane

5.1.1: Hordaland teater har planlagt sitt hovudrepertoar 1 til 3 år før produksjonsperioden vert starta opp. Det er samstundes laga ei ramme for produksjonen basert på tal skodespelarar, innleie av regissør, scenograf, honorar til manus mm. Det er og laga eit grovbudsjett til scenografi samt eit budsjett for turnékostnadar. Repertoaret har vore sett ut frå at ein ynskjer å nå fleire målgrupper først og fremst innan dei ulike gruppene av barn og unge som ved dette teateret vert inndelt i fire: Dei aller minste frå 3 år, 7-12 år, 13-16 år og vidaregåande skule, 16-19 år. Målet er at minst ei til to framsyningar skal kunne få ei delfinansiering frå DKS som nyttar denne inndelinga.

Prosessen starter med eit idémøte der teatersjef, regissør og eventuelt scenograf avklarar kva tankar og idear dei har knytt til formidling av verket. I rammemøte har dei ulike føresetnadane for produksjonen vorte diskutert med regissør og scenograf. Då er og dei avgrensingane som ligg i turné, spelelokale og gitte kostnadsrammer diskutert. I seinare skissemøte og modellmøte har ein funne den endelege forma på produksjonane og då er og alle kostnadar finrekna. I produksjonsfasen har det i tillegg til overordna rekneskap, og vorte ført eit skyggerekneskap av produksjonsleiar og teknisk leiar. Alle mulege avvik og tilpassingar er tatt opp med teatersjef og direktør. I tabellen under er dette satt opp meir systematisk med tidsperiodar.

Tabell: Planlegging av produksjonar

<b>Idémøte:</b>	Regissør og scenograf møter teatersjef for å presentere idéen og i all hovudsak avklare om den let seg gjennomføre.	
-----------------	---	--

<b>Rammemøte:</b>	Teatersjef, direktør, teknisk leiar, produksjonsleiar og sals- og informasjonsleiar møter regissør og scenograf for å klargjere rammene for produksjonen, t.d. budsjett, bemanning, turné/ikkje turné, spelestadar, tal på tilskodarar per framsyning, etc <b>Tidsramme: ca 1 år før premiere.</b>	Tekniske spesifikasjonar: Max høgde på dekorasjon i m Storleik spilleareal Tal teknikarar (på turné) Vekt i høve til transportavgrensingar
<b>Skissemøte:</b>	På skissemøtet leverer scenograf/kostymedesignar teikningar og eventuelt ein modell i sjølvald skala. Teikningar skal leverast i ein so god kvalitet at ein kan starte prosjekteringsarbeidet og foreta bestilling av materiale. HMS er eitt eige punkt på møtet. Vi vert einige om produksjonsplan i fm dette møtet. <b>Tidsramme: ca ¾ år før premiere.</b>	
<b>Modellmøte:</b>	På modellmøte leverer scenograf og kostymedesignar (for lysdesignar er dette meir spesifisert i kontrakt) endeleg utkast til scenografi i form av modell og teikningar i målestokk 1:25. Arbeidsteikningar skal vere målsatt. HOT kan bidra med teknisk teiknekompetanse. Vert utkastet godkjent av teateret, reknast det som endeleg. Forandringar etter dette må prisast og nye teikningar må eventuelt produserast. Endringar må holdast innanfor budsjett. HMS er eitt eige punkt på møtet. <b>Tidsramme: ca 1 måned etter skissemøte</b>	

Hordaland Teater har som eit av dei minste regionteatera i Norge ei utfordring knytt til tilgang på ressursar sett opp mot kunstnarlege og publikumsmessige ambisjonar. Hordaland har i denne perioden fått fleire nye kulturhus, og teateret har hatt som mål å sette opp litt større produksjonar for desse scenene. Slike produksjonar vert ikkje dekkja av DKS, og teateret må difor koste transportkostnadene sjølv. Det har vist seg vanskeleg å få dette til. Mangel på eigen scene i Bergen for større produksjonar, har og avgrensa handlingsrommet. For å få ei

effektiv ressursutnytting har difor teateret vald å sette opp mindre framsyningar som let seg tilpasse gymsalar, samfunnshus og barnehagar. Desse lokala har og vert rett ut frå at dei kan by på meir intimitet og nærare kontakt med publikum.

5.1.2: Teateret har gjennomført evaluering i ettertid av dei fleste stykke. I samband med årsmeldingane for perioden har ein evaluert produksjonar, talet på publikum mm sett opp mot dei mål ein har satt seg i perioden i tråd med strategiplanen for 2010 – 2013. Når det gjeld måloppnåinga i tråd med strategiplane, har teateret luktast med å vidareføre avtalane med DKS Hordaland og DKS Bergen. Dette har sikra den kunstnarlege profilen.

5.1.3: Teatersalen ved teateret vart bygd i 1998. Det ytre vedlikehaldet vert gjort i samarbeid med Bymuseet i Bergen, og følgjer ein god turnus for denne typen bygg. Når det gjeld vedlikehald av det teatertekniske utstyret, har dette bore litt preg av at teateret har planlagt flytting i lengre tid. Det har vore gjennomført vedlikehald og utskifting, men ein ville samstundes ikkje legge store investeringar inn i bygget som ikkje kan nyttast ved ei flytting av teateret.

5.1.4: Hordaland Teater inngjekk i 2011 eit formelt samarbeid med Sogn og Fjordane Teater (SOFT) og Det Norske Teatret (DNT). Dette samarbeidet har særleg ført til eit utvida samarbeid med SOFT, både ved ymsesidige gjestespel i dei til fylka, men og samproduksjonar. Hordaland Teater har og hatt fleire gjestespel ved DNT.

Vi ber dykk vurdere eige bidrag for måloppnåinga.

Sjå over.

## **5.2 Ressursutnytting i 2015**

Løyvingane til scenekunstformål bygger opp under departementets overordna mål om å bidra til at alle kan få tilgang til kunst og kultur av høg kvalitet og fremme kunstnarisk utvikling og fornying. Måla for løyvingane til scenekunstformål i 2015 er å legge til rette for produksjon, formidling og etterspurnad av ulike scenekunstuttrykk.

I tilskotsbrevet for 2015 heiter det at:

Det er ein føresetnad at tilskotet disponert i samsvar med dei føremål som er oppgitt i søknaden og at institusjonen utformar føremålstenlege system for å følgje opp eiga måloppnåing.

Gjer greie for ressursutnyttinga i 2015, og gi ei vurdering av dette i lys av ressursutnyttinga dei tre føregåande åra.

2015 Var eit svært aktivt år for Hordaland Teater. Teateret hadde dette året sju eigne produksjonar på repertoaret i tillegg til at ein var vertskap for to gjestespel. Når det gjeld ressursutnyttinga dette året, so skil det seg ikkje so mykje frå tidlegare år. For ei av framsyningane Kant, sats ein på ein litt større scenografi, med tanke på at ein skulle spele det i nokre kulturhus. Dette gav ei auke i transportkostnadane. Samstundes vart noko av dette refundert gjennom den ordninga som eksisterer i Hordaland for DKS.

Likeeins har det vore gjennomgåande i heile denne perioden at ein skal nytte lokale ressursar i innleidde kunstnarlege posisjonar. I 2015 vart det nytta lokale krefter som scenograf/kostyme i dei to største produksjonane (Kant og Julerosene), samt at det vart nytta lokale skodespelarar i alle produksjonane so nær som ein (Kant), der berre ein skodespelar kom utanfrå Bergen. Berre to produksjonar hadde regissør som var tilreisande (Sjølvsforakt og Små døde dyr)

### **5.3 Når, og i kva samanhengar, vurderer de kva som vil vere god ressursutnytting sett i forhold til dei måla ein arbeider mot? Samla? For den enkelte produksjonen? Diskuterer de alternative og meir ressurseffektive produksjonsmåtar? Korleis arbeider styre og leiing med dette på strategisk nivå?**

Som nemnd ovanfor er det to område som særleg skil seg ut når det gjeld ressursutnytting, det er kostnader ved turné og det er bruk av lokale kunstnarar i produksjonane. Omfanget av scenografi er sjølvsagt og eit slikt kostnadselement, men det heng saman med det formatet som teateret vel i kvar produksjon.

Teateret er særleg merksam på desse kostnadselementa, og følger dei tett opp gjennom dei rammer som vert lagt i kvar produksjon.

### **5.4 Kva avvegingar gjer de, og korleis påverkar dei kunstnariske målsettingane slike avvegingar? Gi eksempel**

Hordaland Teater har ei kontinuerlig vurdering og prosess i tilknytning til det kunstnarlege uttrykket: Kvifor og korleis fortel vi dette? Kva er det rette uttrykket i høve til det vi vil fortelje? Kan det forteljast på ein annan og billigare måte som gjer same eller betre resultat?

Nyskapande scenografi og uttrykk er meir risiko, og nokre gonger skal vi ta den risikoen. Men formatet er likevel mindre og med det er konsekvensane av å ta slik risiko mindre hjå oss.

For eksemplar, sjå tidlegare i dokumentet.

### **5.5 Inngår evaluering av ressursutnytting som eit fast punkt i den systematiske eigenevalueringa? På årsbasis? For den enkelte produksjonen?**

Teateret har i 2015 innført periodiserte budsjett, både på prosjektnivå og på aggregert nivå (driftsbudsjettet). Prosjektansvarlege kan få løpande oppdaterte kostnadsoversiktar sett opp mot budsjett. Kva månad vert det tatt ut eit fullstendig rekneskap, som vert diskutert i leiargruppa. Frå og med august vert det laga årsprognose der ein vurderer avskrivningar og andre postar som vanlegvis høyrer i hop med årsavslutninga.

### **5.6 Kva egne nøkkeltal som kan indikere god ressursutnytting, finst?**

*Eksempelvis: fordeling av ressursar mellom ulike delar av verksemda (kunstnarisk, teknisk, støttefunksjonar), forhold faste/variable kostnader, forhold kjøp av tenester/bruk av egne krefter.*

Hordaland Teater er eit lite teater med få administrative ressursar. I vår eigen evaluering av teateret har vi vurdert ressursbruken til å vere god.

Om ein til dømes analyserar bruken av ressursar i 2015, so var den 16,609.681 kroner.

Dette vart nytta på følgjande vis,

- Direkte prosjektkostnadar til produksjonar, kr 3,126.752
- Løn til kunstnarlege innleidde inkl eigen skodespelar, kr. 3,448.000
- Del av andre driftskostnadar direkte relatert til produksjon (marknadsføring, husleige, driftskostnadar bilar, straum, reinhald, mm) kr. 500.000

Totalt vert dette 7, 074.752, eller 43 % av totalbruken. Om ein reknar heilt korrekt vert talet høgare, fordi administrasjonen og tek del i publikumsmottak, turnéverksemd mm. Om dette reknast inn, vil talet for 2015 vere om lag 50% til den reine teaterverksemda. Dette er om lag same resultat som ein har rekna fram tidlegare år. Etter flytting til ny fast scene vert det høgare kostnadar til leige av lokalar enn det teateret har no. Noko av dette vert kompensert av høgare eigeninntekter, men driftsdelen av budsjettet vil auke.

Teateret nyttar nokre nøkkeltal for ulike produksjonar. I tabellen under har vi søkt å gjere greie for desse i grove estimat,

Type produksjon	Målgruppe	Bemanning	Nøkkeltal
Små produksjonar, dokke- eller figurteater, monologar	Barn i førskulealder  Ungdom/vaksne	1 – 2 skodespelarar 1-2 teknikarar Regissør/scenograf	Kostnadar Kr 650.000 Inntekter Kr. 100.000
Produksjonar eigna for DKS, turné	Barn/unge i ungdomsskulene eller vidaregåande	2-3 skodespelar 3-4 teknikarar Regissør/scenograf	Kostnadar 1,7 mill kr. Inntekt inkl DKS kr. 400.000
Produksjonar for fast scene, evt. få spelestadar på turné	Ungdom/vaksne	3- 6 skodespelarar 3-4 teknikarar Regissør/scenograf Manusarbeid/dramaturg	Kostnadar 2,5 mill kr Inntekter kr. 250.000
Større produksjonar/musikalar *)Satsing ved flytting til Bergen sentrum	Ungdom/vaksne	2-4 skodespelarar 3-4 musikarar 3-4 teknikarar Regissør/scenograf/koreograf/ tekst	Kostnadar 2,2 mill kr Inntekter 1,5 mill kr

### **5.7 Korleis har ressursbruken endra seg over tid? Vi ber dykk analysere og vurdere utviklinga i teateret over tid.**

Teateret har basert seg på same type ressursbruk under heile perioden. Dei første åra var det naudsynt å bygge opp eigenkapital, og dette vart tatt omsyn til ved programmeringa. I 2014 hadde teateret eit stort underskott, men dette skuldast manglande avsetning av etterlønn til teatersjef og nokre få ekstraordinære kostnadar. Drifta var om lag den same i 2014 som tidlegare år.

## Særskilde problemstillingar

Er det andre problemstillingar de gjerne vil ha belyst?

Eit gjennomgåande tema frå om lag 2005, er at teateret har ønska seg ei scene i Bergen sentrum slik vi nemner innleiingsvis. Dagens modell med ei lita prøvescena som hovudsakeleg eignar seg for barn – lagt 2 mil utanfor sentrum, og utanfor jamleg offentleg kommunikasjon, har vorte ein hemsko for teateret si kunstnarlege utvikling. Eit prosjektteater, som leiger inn kunstnarleg personell, må kunne by skodespelarar og andre på mulegheit til å vise seg fram. Denne mulegheita har ein ikkje hatt i denne perioden. Samstundes har teateret fått nokre ekstraordinære midlar for eigaren Hordaland Fylke for å realisere slike planar. I tillegg har administrasjonen funne rom til å jobbe med dette i tillegg til andre ordinære oppgåver. Det er difor ekstra hyggeleg at ein no ser at ein slik plan kan realiserast innanfor perioden 2016-2019.

Ei anna særskild problemstillingar er at det er ei stor utfordring for eit regionteater alltid å måtte sjå til kva adresse dei ulike scenekunstnarane har, sidan vi må bruke mykje ressursar på RDO (reise, diett og overnatting) på dei som blir engasjerte frå andre stader enn Bergensområdet. Dette er ei utfordring for alle teater utanfor Oslo.

## 6 Arbeidet med denne eigenevalueringa

Korleis har de konkret arbeidd med denne eigenevalueringa?

Beskriv prosessen og kven som har delteke.

Denne eigenevalueringa er utarbeidd av teatersjef Trond Birkedal (2009-2015) og direktør i samarbeid med leiargruppa ved teateret; sals- og informasjonssjef, produksjonsleiar og teknisk leiar. Teatersjef Terje Lyngstad (2016-) har gitt nokre innspel, samt kommentarar til kor teateret står nett no.



*Frå «Julerosene» Føjrjul på Stend 2015.*

*Foto forside; frå «Magnet» i 2014. Begge foto: Tor Erik H. Mathiesen*